

Ranngard - Randgård (gnr. 51)

Kommentar fra Opplandsarkivet:

Gard nummer 62 Nyhus ble i gammel tid kalt Lillebreiseth og finnes så vidt omtalt under Breiseth. Senere ble Nyhus et underbruk under gnr. 51 Randgård og finnes derfor også omtalt her.

Gnr. 58 Reiret er ble i gammel tid kalt Lille Randgård og er omtalt her sammen med Randgård.

Namnet: kjem truleg av kvinnenamnet Ragndidr. I bygdemålet har namnet vore uttala Ranngard. I gamle handskrifter finn ein namnet skrivi: I 1528 Randegar, i 1560 Ranngardt, i 1578 og 1594 Rannegaardt.

I lista over Gjengjerden 1528 er det fortalt at brukaren på Randegar da heitte Arne og han betalde skatten med 1 lod sølv, som t.d. Dag Mælum og Tollev Gaustum. Tretti år seinare heitte brukaren på Randgard Oluff. Han svara da ”1 får” i foringsskatt. I liste over Bygningsskatten i 1594 er ”Rannegård” ført i gruppa for ”Halfue Gaarde” som alle svara 30 skl. i skatt. Frå 10 år seinare går det fram at Randgard svara korntiende med 1½ td., som t.d. Ramnum, Ulland og Prestrud.

Seks år seinare var i 1610 Tore vorte brukar på ”Randgaard”, men etter atter 21 år var det Peder som brukte garden. I lista over Kvegskatten 1657 finn ein litt fleire opplysningar om gardane. Der er det om Randgard fortalt at buskapen på garden da var 1 hest, 2 hopper, 11 naut, 2 geiter, 2 sauer og 3 griser. Brukar på garden var framleis Peder, og han hadde ein son Tosten Persen Randgard som i 1652 var rulleført soldat i kaptein Povels Akershuske kompani. I 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. – Der er det om ”Randgaard” fortalt at landskylda av garden var 2 huder eller 3 pund 8 merker smør. Buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 17 naut og tienda vart utreidd med 2½ td., som altså svara til ei årsavling på 25 tdr. Det er elles opplyst at enga, innmarka på garden var god, at det var skog nok til gards bruk og at Randgard hadde seter og sommararbeite åt krøtera på Nordsetra. Når det særskilt er nemnt at det var ein homlehage på garden, tyder det på at det var ein heim der det ofte vanka gjester og reisande som skulde ha øl til maten. Og så er å nemne tilslutt det viktigste: Peder, husbonden, var sjølv eigar av garden og sat der som odelseigande bonde på Randgard. –

Frå 10 år seinare er det i 1678 fortalt at Peder Randagard framleis åtte og brukte garden, og at landskylda da var høgda til 2 huder 3 skinn.

Etter atter 9 år var det i 1697 skifte på ”Randgaar i Faaberg”. Gamle Peder Randgard var da død, og det vart gitt fleire opplysningar om ætta: Husbonden Peder Randgard hadde vore gift med Brynhild Asbjørnsen, og dei hadde 3 born: Peder, Asbjørn og Maren, som var gift med Ole Langset. – Frå same året er elles eit tinglese skjøte der sonen Asbjørn Pedersen fekk kjøpt ”10 skind gods i Randgaard med odels og åsetesrett av sine søskende og medarvinger.” Det kan tyde på at garden dermed vart delt eller i alle fall påbuande heimstad for båe brørne Peder og Asbjørn.

Av matrikkelframlegget 1723 går det elles fram at Asbjørn Pedersen og da åleine var eigar og brukar av Randgard. Det er da fortalt om garden at han ligg i sollia, er lettbrukt, og at jordarten der er god. Det var da skog der til brenneved og gjerdefang og litt til hustømmer. Om setra er det oppgitt at ho hadde god hamn, og det var utslåttar til 3 lass høy. Den årlege høyavlinga utgjorde kring 36 lass, buskapen var 3 hestar, 1 føl, 22 naut, 18 sauer og 12 geiter. Vidare er det opplyst at den årlege utsæden var 6½ td. bygg og litt rug, og at garden hadde kvern, men at ho vart nytta berre til eiga bruk.

Asbjørn Pedersen, som her er omtala, var gift 2 gonger, først med Marit Torgersdtr. og så med Sidsel Olsdtr., og det var barn i båe ekteskap. Borna i hans 1. ekteskap var: 1. Brynhild, som vart gift med Peder Amundsen Hammerseng, 2. Maren g.m. Lars Balberg. Borna i 2. ekteskap

var: 3. Peder, som i 1742 var 37 år, 4. Ole, 30 år, 5. Marit, som var død, men hadde ei dotter, Eli, som da var 13 år. 6. Beret g.m. Jørgen Christensen Sorgendal. –

Ved eit skifte på Randgard same året, altså i 1742, er det opplyst at gardsbruket Nyhus, av skyld ½ hud, da var lagt til Randgard, som dermed fekk ei skyld på 2 huder. Ved skiftet i 1742 vart Randgard med Nyhus taksert til 384 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1253 rd. og netto 1200 rd., så det var da nærast sers gode økonomiske kår på Randgard- - Same året fekk elles eldste sonen Peder Asbjørnsen samsøskenskjøte på Randgard med Nyhus av skyld 2 huder for kjøpesum 372 rd., som altså var ein typisk god søskenhandel. I samband med handelen lånte kjøparen Peder Asbjørnsen likevel 220 rd. av Halvor Hauger mot 1. pr. pant i Randgard av skyld 2 huder, altså Nyhus medrekna. Seks år seinare lånte elles i 1748 Peder Randgard atter 400 rd., men denne gongen av Halvor Jevne. Av interesse her er elles at i 1751 gav Peder Asbjørnsen Randgard bygsessedel til Hans Hansen på ”en hans odelsgaard Randgaard til og underliggende husmandsplads Nuhuus kaldet inden gaarden Randgaards eng beliggende mot aarlig husleie 3 rd.”

Peder Asbjørnsen Randgard vart elles ingen gamal mann. Han døde, visstnok i 1757, og eit skifte frå 1760 gir fleire opplysningar som her kan vera av interesse. Skiftebrevet fortel i utskrift det på denne måten:

” Randgaard.

Tinglest 18. juni 1760.

Fuldsøsken og livsarvinger efter dere mor ... Iversdtr. Randgaard, neml. .. Iver Pedersen, Peder Pedersen og Ole Johansen Holme for sin hustru Marit Pedersdtr. vitterliggjør at da deres mor den 28. april dette år opga sit bo til deling mellem dem og deres eldste bror Asbjørn Pedersen, blev gaarden Randgaard 1½ hud med lille Bresæt eller Nyhus ½ hud, tilsm. 2 huder som boets odel og eiendom tatt til inntekt og ansatt for 550 rd., men på grund av boets vidtløftige gjeld blev gården og godset i et og alt utlagt til kreditorenes avbetaling for samme 550 rd. så at de ikke tilfaldt noget i arv. Nu har eldste bror, Asbjørn Pedersen som ret odelsmand indfriet gården Randgaard med underl. Nyhuus ved å uttelle til kreditorene deres foreldres gjeld, så nu er han ene eier av samme gård. Han skal svare sin mor årlig føderåd, og ifald Siver, som er sykkelig og skal ha sit ophold på gården hos Asbjørn Pedersen, skulle bli så frisk så han kunde forlate gården, da utteller Asbjørn Pedersen til deling mellem sig og os samtlige søsken 50 rd.”

Ein merker seg at Nyhus og har vore kalla Lille Breiset eller i bygdemålet truleg helst Vehl-Breiset.

Asbjørn Pedersen Randgaard, som var gift med Sidsell Tomasdtr. Bjørstad, lånte samtidig med gardhandelen 500 rd. av verfar sin. Lånet var mot 4 % årleg rente og 1. pr. pant i Randgard med Nyhus. Denne obl. vart elles avlyst etter kvittering forst 16. febr. 1792. – Frå same året er ei sak mellom Axle ved Randgard og Peder Erlandsen Ersgaard om noko høy som var vorte borte. Om Axle er det elles etter andre kjelder opplyst at han var husmann ved Randgard.

Same året, altså i 1792, gav og Asbjørn Pedersen på grd. Randgard av skyld 1½ hud + div. lausøyre for kjøpesum 1699 rd. Av kjøpesummen lånte kjøparen samtidig 1199 rd. av lensmann Iver Fliflet og Christen Christensen Bjørstad, ”hvorav den halve del mot 1. pr. i grd. Randgaard , skyld 1½ hud.”

Peder Asbjørnsen f. 1761 hadde elles ikkje Randgard meir enn tre år. Da selde han i 1795 garden til Lars Jørgensen for 2175 rd. Den nye eigaren Lars Jørgensen hadde heller ikkje Randgard meir enn i 4 år. Da gav han i 1799 skjøte til bror sin Peder Jørgensen Hammerseng på Randgard av skyld 1 hud 6 skinn for kjøpesum 2199 rd. Dette skjøtet vart tinglese 15. febr. 1799. Men samtidig var og tinglese skjøte frå Peder Jørgensen Hammerseng til Peder Nielsen

Bergebakken på halve Randgard av skyld $9\frac{1}{2}$ skinn for 1000 rd. Unntatt ved handelen var da ”plassen Reiret eller lille Randgaard og seteren Snulteren som selger selv forbeholder sig.” Med i kjøpet var derimot halve Nysetra istaden for Snultra. Unntatt ved handelen ar dessutan det lågåsildvarpet som hørde Randgard til. – Eit halvt år seinare selde så Peder Jørgensen Hammerseng plassen Reiret eller ”lille Randgaard” til Ole Olsen Reiret for sum 550 rd. Av eit skjøte frå 1801 går det vidare fram at Ole Olsen da selde ”Reret eller lille Randgard, av skyld 4 skind, med alt vidare som gaardepladsen tillige haver saavel i Storhagen som udi den Sameie Mark” til Svend Olsen Jostuen for 599 rd. 3 ort 16 skl.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 fem familiar på og/eller ved Randgard. Det var:

1. familie: 1. Peder Nielsen, husbonden, 52 år, 2. Mari Halvorsdtr., kona hans, 53 år, 3. Halvor Pedersen, son deres, 22 år, 4. Niels Pedersen, son deres 17 år 5. Peder Pedersen 10 år, 6. Kjersti Pedersdtr., dotter deres, 20 år, 7. Marit Pedersdtr., 15 år, 8. Berte Pedersdtr., 8 år, 9. Anne Pedersdtr., 5 år, 10. Sigrid Pedersdtr., 2 år.
2. familie: 1. Asbjørn Pedersen, føderådsmann, 66 år, 2. Kristine Olsdtr., kona hans, 54 år.
3. familie: Axle Eriksen, husmann med jord, 2. Berit Guttormsdtr., kona hans, 60 år, 3. Sigrid Larsdtr., mor til mannen 84 år,
4. familie: Ole Olsen, husmann med jord, 32 år, 2. Gunnild Jonsdtr., kona hans, 30 år, 3. Anne Olsdtr., dotter deres, 3 år. 4. Kjersti Olsdtr., 1 år, 5. Kjersti Pedersdtr., mor til mannen, føderådskvinne, 76 år.
5. familie: 1. Lars Larsen, husmann med jord, 55 år, 2. Martha Nilsdtr., kona hans, 48 år, 3. Kjersti Larsdtr., dotter deres, ugift, 25 år, 4. Maria Larsdtr., dotter deres, 12 år, 5. Ole Kristensen, legdbarn, 2 år.

Dessutan budde det på Nyhus, som da vart brukt saman med Randgard, to familiar. Dei var:

1. familie: 1. Peder Asbjørnsen, husbonden, 48 år, 2. Anne Unger, kona hans, 43 år, 3. Sidsill Pedersdtr., dotter deres, 5 år.
2. familie: Johannes Fridrichsen, husmann med jord, 27 år, 2. Lisbeth Christensdtr., kona hans, 32 år, 3. Berthe Johannesdtr., dotter deres, 3 år, 4. Guri, dotter deres, 2 år.

I 1805 var det skysstasjon på Randgard, og Peder Randgard vart innstemnt for ”skyssforsømmelse”. Saka er elles i utskrift av tingboka referert på denne måten:

”Randgård i Fåberg.

Månedsting 28. mars 1805.

Foged Lyng har innstevnt Peder Randgaard fordi han har erklært seg uvillig til å betale mulkt for skyssforsømmelse.

Peder Randgard erklærte sig uskyldig, da han ikke hadde været tilsagt skyss for studenterne Arntzen og Sem.

Fogden fremla utskrift av dagboken for Lillehammer skysskiftested. Et par vidner blev hørt. Dom: Av passerte finnes ikke det minste bevis for at Peder Randgard har forseet sig med forsømmelse, men derimot at klagerne selv var skyld i forsinkelsen, da skydsen var tilsagt kl. 5 og de ankom kl. 9. Ti kjennes for rett: Peder Randgaard frifinnes for aktors tiltale. Peder Randgaard og rettens betjenter reserveres deres rett mot studenterne Arntzen og Sem.”

Frå fire år seinare er det i 1809 tre tinglyste skjøte på grd. Randgard. – Peder Nilssen gav da skjøte til Peder Jørgensen på sin halvdel av Randgard, av skyld $9\frac{1}{2}$ skinn for 1500 rd. Det var den 1. juni 1809. Den 24. juli s. å. skjøta så Ole Olsen sin part av Randgard av skyld $6\frac{3}{4}$ skinn også til Peder Jørgensen Hammerseng for 1200 rd. Og to dagar seinare selde så Peder Jørgensen grd. Randgard av skyld 1 hud $5\frac{1}{2}$ skinn til Asbjørn Asbjørnsen og hustru for 1800 rd.

I det heile vart det i desse åra handla mye med Randgard og parsellar av Randgard. Av 16. juni 1813 er ei sak som det sikkert vart tala mye om, og som i ei samantrengt utskrift har denne ordlyden:

”Randgård i Fåberg.

16. juni 1813.

Skjøte fra Peder Jørgensen Hammerseng på hans part i grd. Randgaard til Johannes Øversveen for 1333½ rbd. Dat. 30. april 1813.

Ved dette skjøtes tinglæsning var lensmann Iver Fliflet tilstede og lot tilføre at dette skjøte er gitt en ældre datum enn det er forfattet og underskrevet på, og kan ingen kraft eller virkning ha, da Iver Fliflet ved 2, under 29. april og 6. mai ervervede innførsler er gitt utlegg i samme eiendom. Han protesterte derfor mot skjøtets kraft og virkning og reserverte sin rett.”

Seks år seinare kom i 1813 matrikkelframlegget for Fåberg med nye opplysningar om gardane. Der er det om Randgard fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar og 16 naut, og at det årlege kornavlinga var kring 60 tdr. Samtidig er det og opplyst på Nyhus var dei tilsvarande tal 1 hest, 5 naut og kornavlinga 10 tdr. Vidare var på pl. Reiret husdyrhaldet 3 naut og kornavlinga va ca. 5 tdr.

Johannes Frideriksen, som hadde kjøpt garden i 1813, hadde Randgard av skyld 3 1/3 hud til 1835. Da overdrog han Randgard til sonen Friderik Johannesen. Men den nye eigaren av garden døde alt 6 år seinare, og det vart da atter skifte på Randgard. – Ved dette skiftet vart vart Randgard av skyld 1 1/3 hud taksert for 1000 spd., og dødsbuet utgjorde brutto 1378 spd. og netto 600 spd. Kreditorane i buet var m.a. Johannes Randgaard 30 spd., Christen Johannesen Randgaard 200 spd. Peder Larsen Lunde 240 spd. og Thomas Jørstad 10 spd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Elia Ingeborg Andrea Børresdtr., dei to borna i ekteskapet. Av dei var Johannes da 3 år og Børre var ½ år.

Ved matrikuleringa i 1838 var det enda Friderik Johannesen som hadde Randgard av skyld 1 1/3 hud. Under justeringa av skyld i samband med matrikuleringa vart skylda av Randgard da omrekna til 7 skylddalar 4 ort 20 skilling. For Plassen Reiret, som Ole Nilsen også da hadde, vart skylda sett til 4 ort 7 skilling, og skylda på Nyhus, der Ole Syversen var brukar, vart den nye matrikkelen sett til 1 skylddalar 4 ort 23 skl.

I samband med folke- og landbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det da om Løpenr. 177 Randgard fortalt at det samle jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på garden i den tid var 331 mål, og av dette var 110 mål jord av 1. klasse. På løpenr. 190 Nyhus var dei tilsvarande tal 61 mål og 27 mål, og på løpenr. 186 Reiret var tala 38 mål og 25 mål. Samtidig er det og opplyst at husdyrhaldet og utsæden på Randgard var: 4 hestar, 13 storfe og 32 småfe, og det var sådd og sett: 9½ korn og 9½ td. poteter. På Reiret var dei tilsvarande tal: 1 hest, 5 storfe og 7 småfe, og utsæden av korn var 3 tdr., men ingen poteter. Endelig var for Nyhus dei tilsvarande tala: 1 hest, 4 storfe og 3 småfe, og utsæden var 4½ td. korn og 4½ td. settepoteter,

Fjorten år seinare gav i 1879 skifteforvalteren i Friderik Randgaards dødsbo skjøte til Johannes Fredriksen Randgaard på garden for kr. 16 000,- og føderåd av 5-årleg verdi kr. 1 200.-. I kjøpesummen var da medrekna kr. 3.600,- for husdyr og inventar. Same året selde elles kjøparen Johannes Fr. Randgaard garden vidare til Ole Hansen for kjøpesum kr.22 000,-. Etter atter sju år kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gards- og bruksnr. og ny matr.skyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Randgard i Fåberg fekk da gardsnr. 51 av samla matr. skyld 18,46 mark, og det var da to bruksnr. under gardsnr. 51 Randgard. Det var: Gr.nr. 51, br.nr. 1 Randgard av skyld 14,27 mark, og br.nr. 2 Askelund av skyld 4,19 mark. Ole Hansen var da eigar ell. brukar av baa bruk.

Ein merker seg vidare at i 1886 vart tidlegare løpenr. 186 Reiret matrikulert under eige gardsnr. 58 med to bruksnr.: 1. Gr.nr. 58 Reiret (Skog) av skyld 0,83 mark der meistermekanikaren Erik Bu da budde, og 2. gr.nr. 58, br.nr. 2 Reiret (Skog) av skyld 0,04 mark, som Tor Sand da hadde. Tidlegare løpenr. 190 Nyhus vart i 1886 matrikulert som eige gardsnr. 62, br.nr. 1 og 2 Nyhus av samla skyld 3,44 mark, som Mathias Pedersen da åtte og brukte.

Ole Hansen hadde Randgard til i 1894. Da skjøte han Randgard med Askelund til sonen sin, Anders Hansen for sum kr. 25 000,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 3 000,-. I kjøpesummen var da medrekna lausøyre for kr. 5 600,-. To år seinare gav Ole Hansen kjøpekontrakt til O. A. Larsen på eit våningshus m. m. på Randgards seterlykkje på Nysetra for kr. 2 000,-. Og etter atter to år gav i 1904 Anders Hansen skjøte til Hans Randgard på gr.nr. 51, br.nr. 1 og 2 Randgard med Askelund for kr. 36 000,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 3000,-. Med i kjøpesummen var da kr. 10 000,- for buskap og inventar. Frå same året er og ei forpaktningsskontrakt frå Hans Randgård til Ole O. Ragarud på 1 mål jord av eiegen for årleg avgift 15 kr. Tomta kan ikkje seiast opp så lenge grunnleiga blir betalt. Etter ajourført matrikkel av 1904 var Askelund da vorte delt i bruksnr., og br.nr. 3 Askelund av skyld 0,05 mark tilhørde da H. A. Solberg.

Bruksnr. 4 Paulsrud vart skyldsett frå Randgård i 1906 og selt til Hans Hansen for kr. 2 700,-. Den nye eigaren hadde heller ikkje Paulsrud lenger enn i 4 år. Da selde han i 1911 Paulsrud av skyld 0,28 mark til O. Aasen for sum kr. 3 600,-. I denne tida vart og br.nr. 5 Fjeldly fråskilt og selt til O. A. Larsen.

Eigaren Hans Randgaard hadde gr.nr. 51. br.nr. 1 og 2 Randgard m/Askelund til i 1907. Da selde han garden til Erik Skjerven for kjøpesum kr. 34 000,- + eldre føderåd av 5-årleg verdi kr. 3 000,-. Medrekna i kjøpesummen var da husdyr og inventar for kr. 14 000,-. Året etter vart i 1908 br.nr. 7 Randgaard Hjemmeskog av skyld 5,9 mark fråskilt garden og seld til Thor Bergseng.

Av handlar med garden eller parseller av garden i seinare tid tek vi her tilslutt med dette: H. A. Solberg kjøpte i 1914 Askelund midtre av skyld 0,04 mark. Av skyld 0,04 var og br.nr. 9 Kilde, som i 1917 vart selt til Hermand G. Haugen. I 1919 kjøpte Albert Skrefsruds enke br.nr. 11 Randgaardsrønningen av skyld 0,01 mark, og br.nr. 12 Røisholt av skyld 0,08 mark vart samtidig selt til Anton Moen. Året etter kjøpte Johan Kristiansen br.nr. 13 Asker av skyld 0,06 mark. Lærer Ekstad kjøpte i 1921 br.nr. 14 Randheim, skyld 0,08 mark, og br.nr. 15 Røisli av skyld 0,04 mark vart i 1924 selt til Teodor Antonsen. Br.nr. 16

Randgaardsrønningen vart seinare seld til Emil Antonsen, og br.nr. 17 Nyfløt vart selt til Kr. Nyfløt. Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det såleis vorte kring 20 bruksnr. under gardsnr. 51 Randgard. Av desse mange bruksnr. var det likevel berre 2 bruk som da hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Gr.nr. 51, br.nr. 1 og 2 Randgard med Kristen Hernes som eigar og brukar og med eit jordbr. areal på ca. 220 mål, b. gr.nr. 50, 51, br.nr. 36, 4 Paulsrud med eit jordbr. areal på ca. 25 mål og med Ivar Borgen som eigar og brukar.